

Til vassverkseigarane

Dykkar ref:

Vår ref:

Dato: 24.11.2020

Org.nr: 985399077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler

Mattilsynet

Vassverkseigaren skal oppdatere opplysingar om drikkevassbassenga

Mattilsynet ønskjer fleire opplysingar om drikkevassbassenga, og korleis de drifrar dei. I den forbindelsen skal de sende inn opplysingar til oss. **Dette gjeld for alle vassforsyningssystem som produserer minst 10 m³**, altså de som har krav til plangodkjenning. Viss de eig fleire vassforsyningssystem, må de svare for eitt i gongen.

Vi har heimel til å krevje at de sender opplysingane i drikkevassforskrifta § 24 og matloven § 14. Derfor ber vi dykk om å oppdatere opplysingane om drikkevassbassenga.

Måten de gjer opplysingane er todelt:

1. Spørjeskjema: De svarer på opplysingar som vi spør om på denne lenkja: www.mattilsynet.no/drikkevannsbasseng-2021. De får ei kvittering på e-post. Kvitteringa skal de sende inn som vedlegg når de gjer punkt 2.
2. Gå inn på Mattilsynet si skjemateneeste og oppdater opplysingane om drikkevassbasseng eller høgdebasseng i skjemaet «Endre informasjon om vassforsyningssystem».

I punkt 1 spør vi mest om drift og tilstand på drikkevassbassenga. I punkt 2 melder de inn og oppdaterer basisinformasjon om bassenga med namn, alder, materiale, volum og utforming.

Opplysingane vil bli brukt som grunnlag for tilsyn. Fristen for å meldt inn opplysingane er **15. januar 2021**.

Vi tilrår at de går gjennom informasjonsarket og oversikta over spørsmåla for de sett i gong. Begge delar er lagt ved dette brevet.

Det er også lurt å oppdatere andre opplysingar om vassforsyningssystema dykkar samtidig, slik at denne oppgåva er ferdig før de skal i gong med den årlege rapporteringa av vassverksdata etter nyttår.

Viss de har problem med skjemateneesta, kan de ringe oss på 22 40 00 00 slik at de får hjelp av vår brukarservice. Har de problem med å logge inn, må de få hjelp av Altinn brukarstøtte på 75 00 60 00.

Med helsing

Mattilsynet

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendast utan signatur.



TILSYN MED DRIKKEVASSBASSENG 2021

SVAR PÅ SPØRSMÅL OG OPPDATER OPPLYSINGAR INNAN 15. JANUAR 2021

Frist: 15. januar 2021

REGISTRERINGANE VIL GJE VERDIFULL OVERSIKT

Mange har spurt etter informasjon om ulike drikkevassbasseng. Det manglar ei god oversikt.

Ved å registrere fleire opplysingar om drikkevassbassenga, vil vi raskt kunne lage oversikter over ulike bassengtypar og omfanget av desse.

Opplysingar frå spørjeskjema vil automatisk bli unnateke offentleg innsyn. De skal vere trygge på at sårbare opplysingar ikkje kjem på avvegar.



Over og under: Illustrasjonsbilder av drikkevannsbasseng



Registreringane blir brukt i tilsyn i 2021

Tilsyn med drikkevassbasseng i 2021 blir primært gjort digitalt. Mattilsynet utarbeidar ein tilsynsrapport basert på det de svarer på «Spørsmål om drikkevassbasseng» og det de registrerer om drikkevassbassenga i Mattilsynet si skjematene i etterkant av at de har svart på spørsmåla. Opplysingane de gjer, blir vurdert av Mattilsynet. I nokre tilfelle vil vi spørje etter meir informasjon, eller komme på eit fysisk tilsyn før vi konkluderer med ein tilsynsrapport.

KORLEIS GJERE DET?

Svar for eitt vassforsyningssystem i gongen.

1. Ha opplysingar om drikkevassbassenga klare før de svarer på «Spørsmål om drikkevannsbasseng». Spørsmåla er lagt til denne informasjonen slik at de kan førebu dykk.
2. Gå til www.mattilsynet.no/drikkevannsbasseng-2021 og svar på skjemaet.
3. Når de har sendt inn svare, vil de få ei kvittering til e-postadressa de har oppgitt. Ver derfor nøye med å skrive riktig e-postadresse! Lagre kvitteringa lokalt på PCen, på ein stad der de finn ho igjen.
4. Gå inn på Mattilsynet si skjematene og finn skjemaet «Endre informasjon om vassforsyningssystem». Fyll inn nødvendig informasjon i dei nye feltene om drikkevassbasseng. Husk å gje bassenga namn.
5. Legg til vedlegg: Her lastar de opp kvitteringa de har lagra. Husk å skrive ein tittel på vedlegget før de lastar opp.
6. Send inn: Her kjem det informasjon om gebyr. Dette er IKKJE aktuelt i denne samanhengen.
7. Frist: De skal oppdatere skjematene innan 15. januar 2021.

Spørsmål og svar

Kan vassverkseigaren velje å ikkje sende inn opplysingane?

Sv: Nei, alle som produserer over 10 m³ skal sende inn opplysingar. Drikkevassforskrifta § 24 krev at de skal gi de opplysingane Mattilsynet trengjer. I dette høvet prøver vi å dra nytte av jobben de gjer til fleire føremål, slik at de slepp å gi oss dei same opplysingane fleire gonger.

Kan vi oppdatere andre opplysingar om vassforsyningssystemet når vi først er i gong?

Sv: Ja! Det vil vere arbeidssparande for dykk å gjere dette samstundes. Da slepp de denne jobben før den årlege innrapporteringa (der de skal ha oppdatert opplysingar på førehand).

Har de ingen drikkevassbasseng? Husk at drikkevassbasseng kan vere eit reintvassbasseng ved sida av vassbehandlingsanlegget. Dersom de ikkje har drikkevassbasseng, går de likevel inn på skjemaet «Endre informasjon om vassforsyningssystem» og skriv at de ikkje har basseng før de sender inn skjemaet. De finn ein tekstboks i trinnet «Opprette/rediger vannforsyningssystemet» som de kan bruke til dette. Husk å oppdatere andre opplysingar om vassforsyningssystemet! Spørjeundersøkinga hopper de over.

Ha opplysingane klare før du startar det elektroniske spørjeskjemaet

Dersom du går ut av spørjeskjemaet, kan du ikkje fortsette der du slapp. Derfor kan det vere lurt å kladde svara på førehand i spørjeskjemaet før du svarar elektronisk.

Ver obs på at skjemaet fungerer best i nettlesarane Edge, Chrome og Safari.

Meir om oppdatering i skjematienesta

I trinnet «Opprett/rediger høydebasseng»:

A) Når bassenget allereie er registrert, vel du «endre» for å oppdatere opplysingane (NB: Husk å lagre).

B) Om bassenget ikkje er registrert (til dømes reintvassbasseng på behandlingsanlegget) vel du «Legg til høydebasseng».

Husk å lagre. Det er ikkje obligatorisk å registrere koordinatar på bassenga, men dersom de ikkje har registrert for inntakspunktet tidlegare, må de gjere det, elles får de ikkje sendt inn skjemaet.

Endre informasjon om vannforsyningssystem

Sider i skjemaet

- ✓ Velg virksomhet
- ✓ Velg vannforsyningssystem
- Opprett/rediger vannforsyningssystem
- Opprett/rediger transportsystem
- Opprett/rediger behandlingsanlegg
- Opprett/rediger inntakspunkt
- Opprett/rediger høydebasseng

Opprett/rediger høydebasseng

Navn	Nytt/endret
Basseng 1	Endre
Basseng 2	Endre

Legg til høydebasseng

Forrige Neste

Leggje til vedlegget/kvitteringa
– bruk denne rekkefølga:

Registrer vedlegg

Tittel: 1

Beskrivelse:

Ettersendes på papir

Last opp dokument: 2

Velg fil Ingen fil valgt

Legg til vedlegg 3

Tittel	Sendes inn	Elektronisk kopi	Beskrivelse
Slett de valgte vedleggene			

Forrige Neste 4

Som tittel kan du til dømes skrive «svar spørjeskjema [namnet på vassverket]»

TRENG DE HJELP?

Dersom de har problem med å komme inn på skjematienesta: Ta kontakt med Altinn brukarservice, tlf. 75 00 60 00

Har de spørsmål til sjølve skjemaet – ta kontakt med Mattilsynet på tlf. 22 40 00 00, eller send e-post til postmottak@mattilsynet.no, så skal vi prøve å hjelpe.

INFORMASJON OM SPØRJEUNDERSØKINGA:

Nedanfor står alle spørsmåla i spørjeundersøkinga. Sjølve undersøkinga er diverre berre på bokmål. De blir bedt om å hake av om påstandane stemmer for alle, nokre eller ingen av drikkevassbassenga dykkar.

Dersom de kryssar av på «Påstanden stemmer for noen av bassengene våre», skal de skrive kva basseng det IKKJE gjeld i neste spørsmål. Viktig at de da nyttar de same namna som står i Mattilsynet si skjematene, slik at vi skjønner kva basseng det er snakk om.

Farekartlegginga og farehandteringa skal vere tilpassa kvart vassforsyningssystem, og kan bestå av mange ulike element. Under følgjer nokre påstandar. De skal svare på om desse stemmer for kvart enkelt av drikkevassbassenga, slik at vi får eit bilde av farekartlegginga og farehandteringa.

- 1) Forholda ved bassenga er spesifikt vurdert i farekartlegginga
- 2) Identifiserte farar er følgt opp med nødvendige farereduserande tiltak
- 3) Avrenning frå taket vert IKKJE drenert via innvendige rør i bassenget
- 4) Bassenget er sikra mot at vatn kan trengje inn frå omliggjande terreng, luker og andre opningar
- 5) Ventilasjon, luker, overløpsrøyr og andre opningar er sikra mot tilgang for dyr og fuglar
- 6) Ventilasjon, luker, overløpsrøyr og andre opningar er sikra mot at insekt, støv og pollen kjem inn i vassbassenget
- 7) Vi veit kor vatnet renner ut frå overløpsrøyrret (terreng/kum/osv.)
- 8) Vi sørger for å halde vegetasjonen unna bassenget
- 9) Ventilasjon, luker og andre opningar til vassbassenget er innebygd

Nødvendig førebyggjande sikring skal vere tilpassa kvart vassforsyningssystem, og kan bestå av mange ulike element. Under følgjer nokre påstandar. De skal svare på om desse stemmer for kvart enkelt av drikkevassbassenga, slik at vi får eit bilde av korleis førebyggjande sikring er handtert.

- 1) Inngangane til beteningshus, ventilkammer og vassbassenget er låst
- 2) Ev. vindaug: Vindaug har sikkerheitsglas og/eller alarm
- 3) Beteningshus/ventilkammer er utstyrt med rørslesensor/alarm
- 4) Luka til vassbassenget er sikra med alarm
- 5) Stigar eller andre konstruksjonar (f.eks. utvendige røyr) som fører opp på bassengtaket er sikra mot uønskt tilgang
- 6) Allmenta har ikkje tilgang til bassengtaket
- 7) Vi har en oversikt over alle nyklane som gir tilgang til bassenga, og kven som har tilgang til dei
- 8) Vi har ei rutine som vi følgjer for å skifte låsar dersom nyklar kjem på avveggar

Planar for drift, vedlikehald og fornying av distribusjonssystemet skal vere tilpasse kvart vassforsyningssystem, og kan bestå av mange ulike element. Under følgjer nokre påstandar. De skal svare på om dei stemmer for kvart enkelt av drikkevassbassenga, slik at vi får eit bilde av korleis krava for distribusjonssystemet er handtert.

- 1) Vi har rutine for regelmessig inspeksjon av bassenga
- 2) Rutinen nemnt i førre påstand inkluderer sjekklister som blir brukt under inspeksjonane
- 3) Vi følgjer rutinen for regelmessig inspeksjon
- 4) Vi har rutine for når og korleis bassenga skal reingjerast
- 5) Vi følgjer rutinen for bassengreingjering
- 6) Vi har ein plan for vedlikehald av bassenga
- 7) Vi følgjer vedlikehaldsplanen
- 8) Vi har tilrettelagt for å kunne ta ut prøver frå bassenget (f.eks. med tappekran)